



Saksframlegg

Fastsetting av grunnlag for eigendomsskattelegging 2026

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Bakgrunn for saka:

§ 10 i eigedomsskatteloven seier at kommunestyret kvart år i samband med budsjettet skal fastsetje kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigendomsskatt for det komande skatteåret.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.

For skatteåret 2025 vart det skrive ut eigedomsskatt etter § 3 d) i eigedomsskattelova. Eigedomsskatt gjeld for fylgjande objekt: næringseigedom, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

Det var fyrste året ein skreiv ut eigedomsskatt på næringseigedom i Fyresdal. Det blei gjort eit godt arbeid for å lage eit grunnlag for eigedomsskatt på desse eigedomane som vart nytta i skattelista for 2025. Desse takstane skal vidareførast. Det er også planlagt nye objekt som kan kome inn på skattelista og gje auka inntekter framover.

Totale inntekter frå eigedomsskatt, inkl. kraftanlegg, utgjer i 2025, 11,1 millionar kroner, der mesteparten kjem frå kraftverk.

Ved å fortsette utskriving etter same paragraf også i 2026 sikrar ein desse inntektene.

Konklusjon:

Fyresdal kommune skriv ut eigedomsskatt etter ESKL § 3 bokstav D for skatteåret 2026.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune skriv ut eigedomsskatt etter desse vilkåra:

For eigendomsskatteåret 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova §3 fyrste ledd bokstav d. (gjeld på næringseigedom, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum)

Den alminnelege eigedomsskattestasen for skatteåret 2026 er 7 promille jfr. eigedomsskattlova § 11 fyrste ledd.

Eigedomsskatten skrivast ut i to terminer, jfr. eigedomsskattelova § 25 fyrste ledd. Fyrste termin har forfall 20. mars og andre termin har forfall 20. september.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef